Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7
Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.
Herad: Forsand

Emne: Skav
Bygdelag: Espedal

Oppskr. av: M. G. Mikkelson
Gard: Espedal

(adresse): Helle i Högsfjord
G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Sammannet er hjelpeför.

2. Det skav som vart mest nytta ned gjenom tidene er raün, so var det ask, osp, hegg og eik. treslag som alm og selja vart lite nytta til skav; men meir til sveg.

3. ~~Skov - skave - skava~~ inf.: å skava, notid: skjer, fortid: skov, ferdig notid: hev skove, ferdig fortid: hadde skove, framtid: skal skava, ferdig framtid: skal ha skove, fortid-framtid: skülle skava, ferdig fortid-framtid: skülle ha skove.

4. Skav hev her i bygdi vore nytta på üminnelige tider. Fram til år 1900 var det vanligt å skava kvar vinter, men det retta seg etter kor mykje höy dei hadde, üm det skülde skavast mykje eller lite. So etter hündradårsskifte hev det minka mykje av med skavingi. Men eg kan fortelja at i året 1923 fekk eg lite höy, so vinteren 1923-24 skov eg kring 30 lass med hegg.

5. Treslaga som vart nytta til skav er dei som eg hev nemdt ünder 2. Men det var raün og ask som vart halden for gjevaste skave. Björk eller fôra vart ikkje nytta

6. Nei me kjenner ikkje namne skav üm naka

1036

ers beslag. Men dei avskavne kjeppane nemde me med: ein skjevel, den skjevelen, fleire skjevlar og dei skjevlane.

7 Det rime som seggjer korleis godleiken er på dei ymse beslag nytta til skav lyder soleis: „Raud'n reise
Vier velte.
selja svelte,
ask gjer kunå rask,
hegg legg marg i legg,
alm er så godt som halm".

8. Det mest vanlige var at det berre var kui som fekk skav. Den vanlige tid dei tok til å skava var for det meste på etter vinteren, so tunt i februar og bortetter. De var alt etter som dei hadde høy til. Men før G. Mikkelsen fortalte at i hans ünge år, altså kring 1860 hende det i hardår at dei og måtte gjera skav til både saū og geit, geita var betre enn saūen til å eta skav. Men til dette vart vart det meir nytta beit kvist av bjørk.

9. Dei sa altid at det vart mindre mjølk etter skav, men fløyten vart tjükkare, og smöret vart det meir av og so vart det fint og gült og heldt seg lenger enn anna smör. Gildast smör fekk dei etter skav av raūn

10. Veden til rav var altid eit sereige arbeid

11} Veden som ein henta heim kalla ein Skavved
12}

13. Nei dette ordet kjenner me ikkje

14. Det var som eg alt har sagt fram på ettervinteren at dei tok til med å skava. Arbeidet var altid sett på som eit slitsamt og tungt arbeid. Det var ingen skilnad på arbeide mellom

1036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

store og små gardbrukarar med omsyn til arbeidet.
Nokon „Reglå" for arbeidet var her ikkji.

15. Dei heldt seg altid inne stova med skavingi. Det var helst om kveldane at dette arbeide gjekk fåre seg. Men det kunde stundom henda når veret vart mildt so heldt dei seg i löda.

16. Når dei skulde ta til med skavingi då måtte dei fyrst ha ein „Skavhedel", det var ein staur som ein rette opp i stova under ein bjelke. So var det „Skavgjåen", det var ein utsliten stuttorvsljå. Inne med „Tjoe" fettla ein ljåen med ei filla, so ein ikkji skulde skjera seg. So sette den som skulde skava seg på ein krakk eller stol framfor skavhedeln soleis at han hadde den på vinstre sida. Så stuedde den som skov skavgjåen haldande i högre handa studd til högra kneet og oddnet av ljåen til skavhedeln. So drog ein skavekjeppen att og fram med vinstre handa, når halve kjeppen va skaven vende ein den og skov andre enden. Skavveden skulde til vanligt ikkji vera lenger enn so kring 70 sm. og kvar skaveblokka ikkji lenger enn 15-20 sm.

17. Var det store staurar, stakar som skulde nyttast til staur eller dei var so tunge at ein greidde ikkji å halda dei. Då var det to mann, ein til å halda og snu staurar og ein til å skava. Var det uföre og lang veg etter savveden og veret var fint, so tok dei, öks, ljå og sekk og gjekk til skogs og skov der, og bar då berre skavet heim.

18, 19, 20, 21, 23, 24. Desse spursmåla hev eg e svara på i 16 og 17.

25. Skjenlane nytta ein altid til ved. Askerjeolane

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var ser gode, dei var mest turre med det same.
Dei tjukkaste skjervlane vart avsaga og nytta i omnen i stova. Småskjervlane vart nytta i kjellar og eldhus til varming av vatn og anna arbeid som gjekk for seg der.

26. Det er fullt lite skav som vart nytta no. Men litt har det vore skava fram alt til no. Sjølv skav litt ifjor. Men her i Øvre Eggedal trur eg at alle som er over 50 år kan skava, dei unge kan det ikkje.

1036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING